STRYN KOMMUNE

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FA-B06 |
| **ArkivsakID:** | 16/2043-43 |
| **Saksbehandlar:** | Heidi Liadal |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Utval for oppvekst | |

## Framlegg til høring av skuerute

**Bakgrunn for saka:**
Opplæringslova krev at det skal fastsettast ei lokal forskrift om skulerute.
Det er utarbeidet forslag til forskrift for skulerute for skuleåret 2027-2028.

**Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:**

Forvaltningslova § 37: *Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.*

Opplæringslova §14-1 seier:
*«Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveke innafor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret. Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om skule- og feriedagar for elevane (skulerute). Skule- og feriedagane skal planleggjast slik at eksamen og nasjonale prøver kan gjennomførast.»*

## Forskrift om skule- og feriedagar 2027-2028 i Stryn kommune

*§ 1 Føremål og verkeområde*
Forskrifta gjev informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2027-2028. Elevane har rett og plikt til å møte på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskulane i Stryn kommune skuleåret 2027-2028.

*§ 2 Skule – og feriedagar skuleåret 2027-2028:*
Tabell for skuleruta:

| Månader: | Hending: | Tal skuledagar: |
|---|---|---|
| AUGUST | Første skuledag 16. august | 12 dagar |
| SEPTEMBER | | 22 dagar |
| OKTOBER | Haustferie: Veke 41 (4. – 8. oktober) | 16 dagar |
| NOVEMBER | Elevfri/planleggingsdag: 5. november | 21 dagar |
| DESEMBER | Juleferie: 22. desember – 31. desember | 15 dagar |
| JANUAR | Første skuledag etter jul 3. januar | 21 dagar |

| | | |
|---|---|---|
| FEBRUAR | Vinterferie: Veke 8. (21. februar – 25. februar) | 16 dagar |
| MARS | | 23 dagar |
| APRIL | Påskeferie: 9. april – 17. april | 14 dagar |
| MAI | Elevfrie dagar:<br>• 1. mai: Off. høgtidsdag<br>• 17. mai: Grunnlovsdag<br>• 25. mai: Kristi himmelfartsdag<br>• 26. mai: elevfri | 19 dagar |
| JUNI | Elevfri dag:<br>• 5. juni: 2. Pinsedag<br>Siste skuledag: 16. juni | 11 dagar |
| SUM | | 190 dagar |

*§ 3 Lokale variasjonar*

Skulane kan gjere unntak frå § 2 om skule- og feriedagar i særlege tilfelle, til dømes grunna skuleturar.

*§ 4 Iverksetjing og opphøyr*

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2027 og opphøyrer 30. juni 2028.

**Vurdering:**

Kommunedirektøren legg framlegg til høyring om forslag til skulerute for 2027 – 2028, der utval oppvekst avgjer godkjenning om framlegg til høyring.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Er at forslag til skulerute blir lagt ut på høyring i 6 veker.